

Sogndal kommune  
6856 Sogndal

Sogndal, 26. mai 2009

### Sak F-utvalet 0043-09. Arkivsak 09/1030-7

Eg viser til det udaterte saksframlegget frå rådmannen som er utlagt på nettsida til Sogndal kommune. Brevet mitt til kommunen av 7. april er oppført som vedlegg, men eg kan ikkje sjå at det er lagt ved saka. Alle dei andre vedlegga som det er referert til, er derimot utlagde på nettet. Eg finn det derfor naudsynt å sende kopi av brevet mitt til medlemmene i Forvaltningsutvalet. Eg legg også ved kopi av brev frå Indre Sogn Jordskifterett av 12.03.2009 der det går fram at advokat Louis Anda har kravd sak for jordskifteretten for å få oppheva deler av det private skiftet etter far min som døydde for snart ti år sidan. Saka kjem tidlegast opp for retten neste år.

Det er feil når rådmannen påstår at eg er nabo til Johannes Idsø. Heimelen for halve eigedomen vart overført til Aud Jorun den 8. januar 2009. Deretter fekk eg overført heimel til den andre halvdel av gnr. 1 bnr. 10 den 6. februar i år. Etter dette ligg eigedomen i sameige mellom to likeverdige partar. Eg er altså heimelshavar til det omsøkte bygget og kan ikkje vere min eigen nabo! Dette er sjølvsagt Sogndal kommune kjend med. Derfor reagerer eg på at rådmannen legg til grunn eit tenkt eigedoms-tilhøve ein gong etter 2010 som er basert på at eg tapar saka som Johannes Idsø har sett i gang i lag med advokat Louis Anda. Det er utidig at rådmannen på denne måten blandar seg inn i det han sjølv kallar private rettstilhøve!

Rådmannen siterer ”Plan- og bygningsrett”, men har ikkje teke med alt frå den aktuelle paragrafen i Plan- og bygningslova:

#### § 21-6. Privatrettslige forhold

Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. **Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises.** Eventuell tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for tiltakshaver for supplering av søknaden.

Rådmannen er sjølvsagt klar over at eg ikkje har gjeve Johannes Idsø fullmakt til å byggje den nye hagestova på eigedomen min. Det er også feil når han fleire gonger i saksframstillinga omtalar byggjesaka som ”utviding av hagestova”. Sakshandsamar og tenesteleiar kjenner godt til at det ikkje finst hagestove på eigedomen vår i dag, og at søknaden gjeld fasadeendring på kårhuset og eit nytt tilbygg. Dette går også greitt fram av planteikningane som er lagde ved saka. I saksutgreinga har elles rådmannen ”gløymt” å nemne at det planlagde bygget ligg innafør 100 metersbeltet frå Eidsfjorden og krev dispensasjon frå Pbl. §1-8.

Eg oppmodar Forvaltningsutvalet om å stille spørsmål ved kvifor rådmannen gjev så misvisande og mangelfull informasjon i saksframstillinga si.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vedlegg:

Kopi av brevet mitt til Sogndal kommune av 7.04.2009

Kopi av brev frå Indre Sogn jordskifterett av 12.03.2009